<p>Krav til forkunnskapar EB_KRAV</p>	<p>Ingen formelle krav, men all undervisning skjer på spansk og baserer seg på spansk kunnskapar og kunnskapar innan spansk grammatikk som svarar til emna på 100-nivå i spansk språk og latinamerikastudium.</p>
<p>Tilrådde forkunnskapar EB_ANBKRAV</p>	<p>Kan fyllast ut om det trengst.</p>
<p>Studiepoengsreduksjon EB_SPREDUK</p>	<p>På grunn av fagleg overlapp vert studiepoenguttellinga for SPLA257 redusert med 10 studiepoeng om det vert kombinert med SPLA207 eller med 201/251 og med 5 studiepoeng om det vert kombinert med SLAN640.</p>
<p>Krav til studierett EB_STUDRET</p>	<p>Emnet er ope for alle med studierett ved Universitetet i Bergen.</p>
<p>Arbeids- og undervisningsformer Teaching and Learning Methods EB_ARBUND</p>	<p>Undervisninga er organisert som førelesingar/seminar, og går over åtte veker med to undervisningstimar i veka. I tillegg vert det normalt gruppeundervisning to timar i veka i fire veker. Undervisninga går saman med SPLA207.</p> <p>Om det melder seg færre enn fem studentar til eit emne, kan undervisningstilbodet bli tilpassa studenttalet. Studentane vil i så fall bli informerte om det alternative undervisningsopplegget ved semesterstart og før semesterregistreringsfristen 1. februar/1. september.</p>
<p>Obligatorisk undervisningsaktivitet Compulsory Assignments and Attendance EB_OBLIGAT</p>	<p>Det blir kravd at studentane deltek på minimum 70 % av undervisninga for å få gå opp til vurdering i emnet.</p> <p>Den rettleidde oppgåva som vert omtala under Vurderingsformer skal leverast til rettleiing i løpet av semesteret, innan oppsette fristar. Fristane er endelege, og studentane pliktar sjølve å halda seg informerte om desse. Det er òg obligatorisk for studentane å møta til rettleiing til avtala tidspunkt. Det vert sett opp to rettleiingstimar etter avtale mellom student og rettleiar. Rettleiing per e-post/telefon vert normalt ikkje gitt.</p> <p>Godkjenninga av obligatoriske arbeidskrav er gyldig i undervisningssemesteret og semesteret etter.</p> <p>Dei obligatoriske arbeidskrava er gyldige i eitt semester etter</p>

	undervisningssemesteret.
Vurderingsformer Forms of Assessment EB_VURDERI	<p>Ei rettleidd bacheloroppgåve og munnleg eksamen. Oppgåva skal vera på om lag om lag 3500 ord pluss bibliografi, skriven på spansk. Munnleg eksamen er ein samtale på spansk om pensum, der òg oppgåva kan trekkjast inn.</p> <p>Den rettleidde oppgåva og den munnlege delen av eksamen tel høvesvis 60 og 40 prosent. Stryk i ein av desse delane fører til stryk i SPLA257. Både eksamensdelane må vera greidde i same semester.</p> <p>Ved eksamen i følgjande semester leverer studenten som har oppfylt krava om rettleiing i undervisningssemesteret den omarbeidde bacheloroppgåva utan vidare rettleiing</p> <p>Vurderingsforma rettleidd bacheloroppgåve med munnleg eksamen fyller kravet til det sjølvstendige arbeidet som skal gå inn i ein bachelorgrad. Ein kan maksimalt velja eitt av oppgåveemna med SPLA250-kode i same semester.</p>
Hjelpemiddel til eksamen Examination Support Material EB_HJELPEM	Ingen
Karakterskala Grading Scale EB_K-SKALA	Ved sensur nyttar ein Det vert nytta gradert karakterskala frå A til F, der F er stryk.
Vurderingssemester Assessment Semester EB_EKSSEM	Vår. Der er òg vurdering tidleg i haustsemesteret for studentar med gyldig godkjenning av obligatoriske arbeidskrav. Vår/haust
Litteraturliste Reading List EB_LEREM	Pensum er i hovudsak ein referansegrammatikk. Litteraturlista vil vere klar innan 01.06. for haustsemesteret og 01.12. for vårsemesteret.
Emneevaluering Course Evaluation EB_EVALUER	Undervisninga blir evaluert Emneevalueringar vert gjennomførte i tråd med UiB sitt kvalitetssikringssystem.
Programansvarleg Course Coordinator EB_PROGANS	Programstyret har ansvar for fagleg innhald og oppbygging av studiet og for kvaliteten på studieprogrammet og alle emna der.
Emneansvarleg EB_EMNANSV	Programstyret for spansk språk og latinamerikastudium.
Administrativt ansvarleg Course Administrator EB_ADMANSV	Det humanistiske fakultet ved Institutt for framandspråk har det administrative ansvaret for emnet og studieprogrammet.
Kontaktinformasjon Contact Information EB_KONTAKT	Studierettleiar: studierettleiar@if.uib.no Eksamensadministrasjon: eksamen@if.uib.no
Kategori/Infotype	Tekst

Emnekode	SPLA258
Namn på emnet, nynorsk	Fordjuping i latinamerikansk litteratur med bacheloroppgåve
Namn på emnet, bokmål	Fordypning i latinamerikansk litteratur med bacheloroppgåve
Namn på emnet, engelsk	Advanced studies in Latin American Literature with Bachelor Thesis
Studiepoeng, omfang ECTS Credits EB_POENG	10
Studienivå (studiesyklus) Level of Study EB_NIVA	Bachelor
Fulltid/deltid Full-time/Part-time EB_FULLDEL	Ikkje relevant
Undervisningsspråk EB_SPRAK	Spansk
Undervisningssemester Semester of Instruction EB_UNDSEM	Vår
Undervisningsstad Place of Instruction EB_UNDSTED	Bergen
Mål og innhald Objectives and Content EB_INNHOLD	<p>SPLA258 er eit fordjupingsemne i latinamerikansk litteratur på 10 studiepoeng. Tema for undervisninga vil variera frå semester til semester.</p> <p>Studietilbodet skal leggja til rette for fordjuping i eit tema frå latinamerikansk litteratur, t.d. ein periode, ein sjanger, eit tema, ein nasjonallitteratur eller liknande.</p> <p>Studentane skal ha brei generell kunnskap innanfor fagfeltet, og djupare kunnskapar innanfor eit avgrensa område. Dei skal arbeida sjølvstendig med faglege problemstillingar og halda fram eiga kompetanseutvikling og spesialisering</p>
Læringsutbytte Learning Outcomes EB_UTBYTTE	<p>Studenten skal ved avslutta emne ha følgjande læringsutbytte definert i kunnskap, ferdigheiter og generell kompetanse:</p> <p>Kunnskap Kandidaten-Studenten</p> <ul style="list-style-type: none"> • har solid kunnskap om eit tematisk avgrensa emne innan spanskamerikansk litteratur • har større innsyn i kontekstuelle samanhengar, litterært og kulturelt <p>Ferdigheiter</p>

	<p>Kandidaten-Studenten</p> <ul style="list-style-type: none"> • har utvikla evne til å bruka relevante analyseverktøy for å tolka ulike problemstillingar som gjeld spanskamerikansk litteratur • har vidareutvikla den språklege kompetansen, særleg med omsyn til å gjera greie for litterære, kulturelle og fagleg meir komplekse spørsmål <p>Generell kompetanse</p> <p>Kandidaten-Studenten</p> <ul style="list-style-type: none"> • har kompetanse til å halda fram med eit masterprogram i spansk og latinamerikastudium (etter også å ha fullført andre obligatoriske og/eller valfrie fordjupingsemne).
<p>Krav til forkunnskapar EB_KRAV</p>	Ingen formelle krav, men all undervisning skjer på spansk og baserer seg på fagkunnskapar som svarar til emna på 100-nivå i spansk språk og latinamerikastudium.
<p>Tilrådde forkunnskapar EB_ANBKRAV</p>	SPLA258 legg til grunn spanskunnskapar som svarar til emna på 100-nivå i Spansk språk og latinamerikastudium. Undervisninga byggjer vidare på SPLA108 og SPLA118.
<p>Studiepoengsreduksjon EB_SPREDUK</p>	<p>På grunn av fagleg overlapp blir studiepoengutteljinga for SPLA258 redusert med 10 studiepoeng om det vert kombinert med SPLA208 eller med SPLA202/252 eller med SLAN641.</p> <p>SPLA208 (10 stp), SPLA202/252 (10 stp), SLAN641 (10 stp)</p>
<p>Krav til studierett EB_STUDRET</p>	Emnet er ope for alle med studierett ved Universitetet i Bergen.
<p>Arbeids- og undervisningsformer Teaching and Learning Methods EB_ARBUND</p>	<p>Undervisninga er organisert som førelesingar/seminar, og går over ti veker med fire undervisningstimar i veka. Undervisninga fell saman med undervisninga for SPLA208.</p> <p>Om det melder seg færre enn fem studentar til eit emne, kan undervisningstilbodet bli tilpassa studenttalet. Studentane vil i så fall bli informerte om det alternative undervisningsopplegget ved semesterstart og før semesterregistreringsfristen 1. februar/1. september.</p>
<p>Obligatorisk undervisningsaktivitet Compulsory Assignments and Attendance EB_OBLIGAT</p>	<p>Det blir kravd at studentane deltek på minimum 70 % av undervisninga for å få gå opp til vurdering i emnet.</p> <p>Den rettleidde oppgåva som vert omtala under Vurderingsformer skal leverast til rettleiing i løpet av semesteret, innan oppsette fristar.</p> <p>Fristane er endelege, og studentane pliktar sjølve å halda seg informerte om desse. Det er òg obligatorisk for studentane å møta til rettleiing til avtala tidspunkt. Det vert sett opp to rettleiingstimar</p>

	<p>etter avtale mellom student og rettleiar. Rettleiing per e-post/telefon vert normalt ikkje gitt.</p> <p>Godkjenninga av obligatoriske arbeidskrav er gyldig i undervisningssemesteret og semesteret etter.</p> <p>Dei obligatoriske arbeidskrava er gyldige i eitt semester etter undervisningssemesteret.</p>
<p>Vurderingsformer Forms of Assessment EB_VURDERI</p>	<p>Ei rettleidd bacheloroppgåve og munnleg eksamen. Oppgåva skal vera på om lag om lag 3500 ord pluss bibliografi, skriven på spansk. Munnleg eksamen er ein samtale på spansk om pensum, der òg oppgåva kan trekkjast inn.</p> <p>Den rettleidde oppgåva og den munnlege delen av eksamen tel høvesvis 60 og 40 prosent. Stryk i ein av desse delane fører til stryk i SPLA258. Både eksamensdelane må vera greidde i same semester.</p> <p>Ved eksamen i følgjande semester leverer studenten som har oppfylt krava om rettleiing i undervisningssemesteret den omarbeidde bacheloroppgåva utan vidare rettleiing.</p> <p>Vurderingsforma rettleidd bacheloroppgåve med munnleg eksamen fyller kravet til det sjølvstendige arbeidet som skal gå inn i ein bachelorgrad. Ein kan maksimalt velja eitt av oppgåveemna med SPLA250-kode i same semester.</p>
<p>Hjelpemiddel til eksamen Examination Support Material EB_HJELPEM</p>	Ingen
<p>Karakterskala Grading Scale EB_K-SKALA</p>	Ved sensur nyttar ein Det vert nytta gradert karakterskala frå A til F, der F er stryk.
<p>Vurderingssemester Assessment Semester EB_EKSSEM</p>	Vår. Der er òg vurdering tidleg i haustsemesteret for studentar med gyldig godkjenning av obligatoriske arbeidskrav. Vår/haust
<p>Litteraturliste Reading List EB_LEREM</p>	Pensum er i hovudsak ein referansegrammatikk. Litteraturlista vil vere klar innan 01.06. for haustsemesteret og 01.12. for vårsemesteret.
<p>Emneevaluering Course Evaluation EB_EVALUER</p>	Undervisninga blir evaluert Emneevalueringar vert gjennomførte i tråd med UiB sitt kvalitetssikringssystem.
<p>Programansvarleg Course Coordinator EB_PROGANS</p>	Programstyret har ansvar for fagleg innhald og oppbygging av studiet og for kvaliteten på studieprogrammet og alle emna der.
Emneansvarleg	Programstyret for spansk språk og latinamerikastudium.

EB_EMNANSV	
Administrativt ansvarleg Course Administrator EB_ADMANSV	Det humanistiske fakultet ved Institutt for framandspråk har det administrative ansvaret for emnet og studieprogrammet.
Kontaktinformasjon Contact Information EB_KONTAKT	Studierettleiar: studierettleiar@if.uib.no Eksamensadministrasjon: eksamen@if.uib.no

Kategori/Infotype	Tekst
Emnekode	SPLA259
Namn på emnet, nynorsk	Fordjuping i latinamerikansk kulturkunnskap med bacheloroppgåve
Namn på emnet, bokmål	Fordypning i latinamerikansk kulturkunnskap med bacheloroppgave
Namn på emnet, engelsk	Advanced studies in Latin American History and Culture with Bachelor Thesis
Studiepoeng, omfang ECTS Credits EB_POENG	10
Studienivå (studiesyklus) Level of Study EB_NIVA	Bachelor
Fulltid/deltid Full-time/Part-time EB_FULLDEL	Ikkje relevant
Undervisningsspråk EB_SPRAK	Spansk
Undervisningssemester Semester of Instruction EB_UNDSEM	Vår
Undervisningsstad Place of Instruction EB_UNDSTED	Bergen
Mål og innhald Objectives and Content EB_INNHOLD	<p>SPLA209 er eit fordjupingsemne i latinamerikansk kulturkunnskap. Emnet skal leggja til rette for at studentane tileignar seg djupare innsikt i eit utvalt tema innan fagfeltet.</p> <p>Tema kan variera frå semester til semester, men vil alltid vera henta frå fagområdet latinamerikansk kulturkunnskap/historie. Emnet kan i eitt gitt semester tilby fordjuping i t.d. ein periode, eit land, eller eit tema.</p> <p>SPLA209 er eit fordjupingsemne i latinamerikansk kulturkunnskap på 10 studiepoeng. Tema kan variera frå semester til semester. Studentane skal ha brei generell kunnskap innafor disiplinen. Dei skal bruka sine</p>

	<p>kunnskapar kritisk og reflektera over eigen fagleg praksis.</p> <p>Studietilbodet skal leggja til rette for fordjuping i eit emne frå latinamerikansk kulturkunnskap, t.d. ein periode, eit land, eit tema. Studentane skal sjølvstendig kunna halda fram eiga kompetanseutvikling og spesialisering.</p>
<p>Læringsutbytte Learning Outcomes EB_UTBYTTE</p>	<p>Studenten skal ved avslutta emne ha følgjande læringsutbytte definert i kunnskap, ferdigheiter og generell kompetanse:</p> <p>Kunnskap Kandidaten-Studenten</p> <ul style="list-style-type: none"> • har utdjupande kunnskap om eit emne innan latinamerikansk kulturkunnskap. • har forståing for korleis det aktuelle emnet pregar den latinamerikanske røynda. • kan gjera greie for korleis det aktuelle emnet heng saman med sentrale trekk i latinamerikansk historie og kulturkunnskap <p>Ferdigheiter Kandidaten-Studenten</p> <ul style="list-style-type: none"> • kan bruka relevante analyseverktøy for å tolka ulike problemstillingar innan latinamerikansk kulturkunnskap. • har utvikla den språklege kompetansen sin, særleg med omsyn til å tolka ulike spanske tekstar innan feltet latinamerikansk kulturkunnskap. <p>Generell kompetanse Kandidaten-Studenten</p> <ul style="list-style-type: none"> • har kompetanse til å halda fram med eit masterprogram i spansk og latinamerikastudium (etter også å ha fullført andre obligatoriske og/eller valfrie fordjupingsemne).
<p>Krav til forkunnskapar EB_KRAV</p>	<p>Ingen formelle krav, men all undervisning skjer på spansk og baserer seg på fagkunnskapar som svarar til emna på 100-nivå i spansk språk og latinamerikastudium.</p>
<p>Tilrådde forkunnskapar EB_ANBKRAV</p>	<p>SPLA258 SPLA259 legg til grunn spanskkunnskapar som svarar til emna på 100-nivå i Spansk språk og latinamerikastudium. Undervisninga byggjer vidare på SPLA109 og SPLA119-SPLA108 og SPLA118.</p>
<p>Studiepoengsreduksjon EB_SPREDUK</p>	<p>På grunn av fagleg overlapp vert studiepoenguttellinga for SPLA259 redusert med 10 studiepoeng om det vert kombinert med SPLA209 eller med SPLA203/253 eller med SLAN642.</p> <p>SPLA209 (10 stp), SPLA203/253 (10 stp) og SLAN642 (10 stp)</p>
<p>Krav til studierett</p>	<p>Emnet er ope for alle med studierett ved Universitetet i Bergen.</p>

EB_STUDRET	
Arbeids- og undervisningsformer Teaching and Learning Methods EB_ARBUND	<p>Studietilbudet inneheld både førelesingar og seminar. Undervisninga går saman med SPLA209. Det vert normalt gitt undervisning fire timar i veka i åtte veker. Det kan også verta aktuelt å organisera undervisninga i større blokker.</p> <p>Om det melder seg færre enn fem studentar til eit emne, kan undervisningstilbudet bli tilpassa studenttalet. Studentane vil i så fall bli informerte om det alternative undervisningsopplegget ved semesterstart og før semesterregistreringsfristen 1. februar/1. september.</p>
Obligatorisk undervisningsaktivitet Compulsory Assignments and Attendance EB_OBLIGAT	<p>Det blir kravd at studentane deltek på minimum 70 % av undervisninga for å få gå opp til vurdering i emnet.</p> <p>Den rettleidde oppgåva som vert omtala under Vurderingsformer skal leverast til rettleiing i løpet av semesteret, innan oppsette fristar. Fristane er endelege, og studentane pliktar sjølve å halda seg informerte om desse. Det er òg obligatorisk for studentane å møte til rettleiing til avtala tidspunkt. Det vert sett opp to rettleiingstimar etter avtale mellom student og rettleiar. Rettleiing per e-post/telefon vert normalt ikkje gitt.</p> <p>Godkjenninga av obligatoriske arbeidskrav er gyldig i undervisningssemesteret og semesteret etter.</p> <p>Dei obligatoriske arbeidskrava er gyldige i eitt semester etter undervisningssemesteret.</p>
Vurderingsformer Forms of Assessment EB_VURDERI	<p>Ei rettleidd bacheloroppgåve og munnleg eksamen. Oppgåva skal vera på om lag om lag 3500 ord pluss bibliografi, skriven på spansk. Munnleg eksamen er ein samtale på spansk om pensum, der òg oppgåva kan trekkjast inn.</p> <p>Den rettleidde oppgåva og den munnlege delen av eksamen tel høvesvis 60 og 40 prosent. Stryk i ein av desse delane fører til stryk i SPLA259. Både eksamensdelane må vera greidde i same semester.</p> <p>Ved eksamen i følgjande semester leverer studenten som har oppfylt krava om rettleiing i undervisningssemesteret den omarbeidde bacheloroppgåva utan vidare rettleiing.</p> <p>Vurderingsforma rettleidd bacheloroppgåve med munnleg eksamen fyller kravet til det sjølvstendige arbeidet som skal gå inn i ein bachelorgrad. Ein kan maksimalt velja eitt av oppgåveemna med SPLA250-kode i same semester.</p>
Hjelpemiddel til eksamen Examination Support Material EB_HJELPEM	Ingen
Karakterskala Grading Scale	<p>Ved sensur nyttar ein Det vert nytta gradert karakterskala frå A til F, der F er stryk.</p>

EB_K-SKALA	
Vurderingssemester Assessment Semester EB_EKSSEM	Vår. Der er òg vurdering tidleg i haustsemesteret for studentar med gyldig godkjenning av obligatoriske arbeidskrav. Vår/haust
Litteraturliste Reading List EB_LEREM	Pensum (om lag 550 sider) skal innehalda vitskaplege artiklar/essays og oversynsverk, og utvalde historiske kjeldetekstar knytte til desse. Pensum (om lag 550 sider) skal innehalda utvalde historiske kjeldetekstar og vitskaplege artiklar/essays og oversynsverk knytte til desse. Studentane skal som hovudregel leggja opp det pensumet som ligg til grunn for undervisninga det gjeldande semesteret. Ein kan i særskilte høve få løyve til å leggja opp pensum frå tidlegare semester, men då berre etter grunngjeven søknad ved semesterstart. Kontakt Institutt for framandspråk. Litteraturlista vil vere klar innan 01.06. for haustsemesteret og 01.12. for vårsemesteret.
Emneevaluering Course Evaluation EB_EVALUER	Undervisninga blir evaluert Emneevalueringar vert gjennomførte i tråd med UiB sitt kvalitetssikringssystem.
Programansvarleg Course Coordinator EB_PROGANS	Programstyret har ansvar for fagleg innhald og oppbygging av studiet og for kvaliteten på studieprogrammet og alle emna der.
Emneansvarleg EB_EMNANSV	Programstyret for spansk språk og latinamerikastudium.
Administrativt ansvarleg Course Administrator EB_ADMANSV	Det humanistiske fakultet ved Institutt for framandspråk har det administrative ansvaret for emnet og studieprogrammet.
Kontaktinformasjon Contact Information EB_KONTAKT	Studierettleiar: studierettleiar@if.uib.no Eksamensadministrasjon: eksamen@if.uib.no

FRANDI111 gjeldende frå H-18

Emnekode	FRANDI111
Emnenamn	Fagdidaktikk i fransk for integrert lærarutdanning 3
Name of course unit	French Didactics in Teacher Education 3
Studiepoeng	5
Undervisningssemester	Hautsemesteret, 7. semester i lektorutdanningsprogrammet for studentar som tek faget som fag II.
Undervisningsspråk	Fransk og norsk
Studienivå	Master
Krav til studierett	Opptak til lektorutdanning ved Det humanistiske fakultet
Mål og innhald	Emnet har som mål å gi studentane ei vidare innføring i fagfeltet fransk fagdidaktikk innanfor to hovudområde: <ul style="list-style-type: none"> • Språk, tekst og kultur: kompetanse og danning • Tilrettelegging for læring
Læringsutbyte/resultat <ul style="list-style-type: none"> • Kunnskap • Dugleik • Grunnkompetanse 	Etter fullført emne skal kandidaten <ul style="list-style-type: none"> • ha innsikt i fransk som dannelsings- og dugleiksfag • ha kunnskap om språk, tekst og sjanger og kunne sjå desse i eit læringsperspektiv • kunne lage undervisningsopplegg der arbeidsformer og innhald er knytt til grunnleggjande fagforståing og innsikt i læringsprosessar i franskfaget • kunne uttrykkje seg munnleg og skriftleg på fransk innan fagfeltet
Tilrådde forkunnskapar	
Krav til forkunnskapar	Minimum 55 studiepoeng i fransk på 100-nivå inkludert 5 studiepoeng fransk fagdidaktikk. 90 studiepoeng i fag I inkludert 10 studiepoeng fagdidaktikk.
Overlapp	
Undervisning og omfang <ul style="list-style-type: none"> • Type • Timar pr veke • Veker 	Førelesingar, seminar og rettleiing. To timar i veka i 8-12 veker.
Obligatoriske arbeidskrav	For å kunne gå opp til eksamen må studentane ha lagt fram på fransk eit sjølvstendig arbeid der dei presenterer eit undervisningsopplegg og drøftar det i lys av fagdidaktisk teori. Oppgåva skal skrivast på fransk eller norsk.
Vurderingsformer	Vurderinga skjer på grunnlag av ein heimeeksamen (7 dagar) på om lag 2500 ord over eit oppgitt emne. Retningsliner for heimeeksamen vert gitt i studiet. Oppgåva skal skrivast på fransk.
Karakterskala	Ved sensur av emnet nyttar ein karakterskalaen A-F, der F er stryk.
Læremiddelomtale	Pensum utgjer omlag 350 sider. I pensumoversynet på internett ligg det opplysningar om kva tekstar som til ei kvar tid er pensum.
Undervisningsstad	Bergen
Emneevaluering	Undervisninga blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitetssikringssystem.
Kontaktinformasjon	studierettleiar@if.uib.no

Kategori/Infotype	Tekst
Emnekode	FRAN308L
Namn på emnet, nynorsk	Litterært særemne
Namn på emnet, bokmål	Litterært særemne
Namn på emnet, engelsk	Literary Seminar
Studiepoeng, omfang ECTS Credits EB_POENG	10
Studienivå (studiesyklus) Level of Study EB_NIVA	Master
Fulltid/deltid Full-time/Part-time EB_FULLDEL	
Undervisningsspråk EB_SPRAK	Fransk
Undervisningssemester Semester of Instruction EB_UNDSEM	Vår
Undervisningsstad Place of Instruction EB_UNDSTED	Bergen
Mål og innhald Objectives and Content EB_INNHOLD	Siktemålet for emnet er å undersøkje ei gitt ei litterær problemstilling som kan vera knytt til ein sjanger, ein periode, eit forfattarskap, eit litteraturvitskapleg grunnlagsproblem eller liknande.
Læringsutbytte Learning Outcomes EB_UTBYTTE	<p><i>Studenten skal ved avslutta emne ha følgjande læringsutbytte:</i></p> <p>Kunnskapar</p> <p>Studenten</p> <ul style="list-style-type: none"> • har god innsikt i problemstillingar knytte til litteraturen og litteraturteorien som er blitt gjennomgått • har kjennskap til nyare forskning innan det aktuelle feltet <p>Dugleik</p>

	<p>Studenten</p> <ul style="list-style-type: none"> • er i stand til å gje undervisning i temaet emnet omhandlar • kan driva forskning og anna fagleg utviklingsarbeid som gjeld temaet emnet omhandlar <p>Generell kompetanse</p> <p>Studenten</p> <ul style="list-style-type: none"> • har oversyn over det temaet som er gjennomgått, slik at han/ho kan representera fagfeltet i tverrfaglege og internasjonale samanhengar • kan arbeide sjølvstendig med ei problemstilling, leite fram relevant bakgrunnsmateriale og presentere resultat frå dette arbeidet i akademisk form • kan planleggja og gjennomføra rettleia arbeidsoppgåver som strekkjer seg over ei viss tid
Krav til forkunnskapar EB_KRAV	Ingen
Tilrådde forkunnskapar EB_ANBKRAV	Fransk 100- og 200-nivå eller tilsvarande.
Studiepoengsreduksjon EB_SPREDUK	På grunn av fagleg overlapp vert uttellinga i studiepoeng for FRAN308L redusert med 10 studiepoeng om det vert kombinert med FRAN308 eller litterært særerme FRAN303/304.
Krav til studierett EB_STUDRET	Emnet er ope for studentar med studierett på lektor utdanning med master i framandspråk ved Universitetet i Bergen.
Arbeids- og undervisningsformer Teaching and Learning Methods EB_ARBUND	Undervisninga blir gitt i seminarform, om lag 8 dobbelttimar i semesteret. Om det melder seg færre enn fem studentar til eit emne, kan undervisningstilbodet bli tilpassa studentalet, til dømes ved at førelesingar vert erstatta av seminar eller eit meir individuelt tilpassa undervisningsopplegg . Studentane vil i så fall bli informerte om det alternative undervisningsopplegget ved semesterstart, og før semesterregistreringsfristen 1. februar/1. september.
Obligatorisk undervisningsaktivitet	For å ta eksamen i emnet, skal studentane i løpet av dei 7 første førelesingsvekene ha fått godkjent eit munnleg innlegg (ca 15 minutt) knytt til pensum i emnet. Studentane utarbeider innlegget i samråd

<p>Compulsory Assignments and Attendance EB_OBLIGAT</p>	<p>med faglærer. Manuskriptet til innlegget skal leverast samstundes med innlegget.</p> <p>I samband med eksamen skal det vera minst eitt rettleingsmøte.</p> <p>Godkjenninga av obligatoriske arbeidskrav er gyldig i undervisningssemesteret og semesteret etter.</p>
<p>Vurderingsformer Forms of Assessment EB_VURDERI</p>	<p>Ei tre vekers skriftleg rettleidoppgåve med oppgitt tema på om lag 2500 ord.</p>
<p>Hjelpemiddel til eksamen Examination Support Material EB_HJELPEM</p>	<p>Ikkje aktuelt.</p>
<p>Karakterskala Grading Scale EB_K-SKALA</p>	<p>Det vert nytta gradert karakterskala frå A til F, der F er stryk.</p>
<p>Vurderingssemester Assessment Semester EB_EKSSEM</p>	<p>Vår. Der er òg vurdering tidleg i haustsemesteret for studentar med gyldig godkjenning av obligatoriske arbeidskrav.</p>
<p>Litteraturliste Reading List EB_LEREM</p>	<p>Pensum i litterær fordjuping er samansett av ein litterær del (2-4 litterære verk), og ein teoretisk del (om lag 75 sider).</p> <p>Ved semesterstart vil det bli opplyst om eventuelle endringar i pensum.</p> <p>Litteraturlista vil vere klar innan 01.06. for haustsemesteret og 01.12. for vårsemesteret.</p>
<p>Emneevaluering Course Evaluation EB_EVALUER</p>	<p>Emneevalueringar vert gjennomførte i tråd med UiB sitt kvalitetssikringssystem.</p>
<p>Programansvarleg Course Coordinator EB_PROGANS</p>	<p>Programstyret har ansvar for fagleg innhald og oppbygging av studiet og for kvaliteten på studieprogrammet og alle emna der.</p>
<p>Emneansvarleg EB_EMNANSV</p>	<p>Programstyret for fransk.</p>
<p>Administrativt</p>	<p>Det humanistiske fakultet ved Institutt for framandspråk har det</p>

ansvarleg Course Administrator EB_ADMANSV	administrative ansvaret for emnet og studieprogrammet.
Kontaktinformasjon Contact Information EB_KONTAKT	Studierettleiar: studierettleiar@if.uib.no Eksamensadministrasjon: eksamen@if.uib.no

Kategori/Infotype	Tekst
Emnekode	FRAN309L
Namn på emnet, nynorsk	Grammatikk og omsetjing/omsetjingsteori for lektorutdanninga
Namn på emnet, bokmål	Grammatikk og oversetning/oversetningsteori for lektorutdanninga
Namn på emnet, engelsk	Grammar and translation/theory of translation
Studiepoeng, omfang ECTS Credits EB_POENG	10
Studienivå (studiesyklus) Level of Study EB_NIVA	Master
Fulltid/deltid Full-time/Part-time EB_FULLDEL	
Undervisningsspråk EB_SPRAK	Fransk og norsk
Undervisningssemester Semester of Instruction EB_UNDSEM	Vår
Undervisningsstad Place of Instruction EB_UNDSTED	Bergen
Mål og innhald Objectives and Content EB_INNHOLD	Emnet inneheld følgjande komponentar: - Fransk grammatikk - Omsetjing norsk-fransk/fransk-norsk - Omsetjingsteori Arbeidet med grammatikk, omsetjingsteori og praktiske omsetjingsøvingar skal gje studentane større innsikt og dugleik i moderne fransk språk.
Læringsutbytte Learning Outcomes EB_UTBYTTE	<i>Studenten skal ved avslutta emne ha følgjande læringsutbytte:</i> Kunnskap Studenten <ul style="list-style-type: none"> • har kjennskap til moderne tilnæringsmåtar innan fransk grammatikk og til nokre sentrale omsetjingsteoriar • har innsikt i kontrastive problemstillingar i omsetjing mellom norsk og fransk

	<p>Dugleik</p> <p>Studenten</p> <ul style="list-style-type: none"> • er i stand til å gjera greie for hovuddraga i moderne fransk grammatikk • kan omsetja, frå fransk til norsk og frå norsk til fransk, autentiske tekstar innan ulike sjangrar, og dei • kan diskutera ulike teoriar i samband med omsetjingane <p>Generell kompetanse</p> <p>Studenten har eit grunnlag for å arbeide med moderne fransk grammatikk og omsetjing på ein vitskapeleg måte.</p>
Krav til forkunnskapar EB_KRAV	Ingen
Tilrådde forkunnskapar EB_ANBKRAV	Fransk 100- og 200-nivå eller tilsvarande.
Studiepoengsreduksjon EB_SPREDUK	På grunn av fagleg overlapp blir uttellinga i studiepoeng for FRAN302, FRAN310, FRAN309 og FRAN311 redusert med 10 studiepoeng om det blir kombinert med FRAN309L.
Krav til studierett EB_STUDRET	Emnet er ope for studentar med studierett på masterprogramma i fransk ved Universitetet i Bergen og ved NTNU
Arbeids- og undervisningsformer Teaching and Learning Methods EB_ARBUND	Det blir gjeve førelesingar og seminar i grammatikk og i omsetjingsteori, ein dobbelttime per veke i kvar disiplin i om lag 12 veker. I det vesentlege nettbasert undervisning i samarbeid mellom UiB og NTNU.
Obligatorisk undervisningsaktivitet Compulsory Assignments and Attendance EB_OBLIGAT	For å kunna ta eksamen i emnet må studentane; <ol style="list-style-type: none"> 1. få godkjent to av omsetjingsoppgåvene (ei norsk-fransk og ei fransk-norsk, med reflekterande kommentarar) som er blitt gjevne i samband med undervisninga. 2. få godkjent ei øvingsoppgåve i grammatikk som blir gitt i samband med undervisninga. 3. delta på eit seminar om vitskapeleg kjeldebruk, i samband med heimeeksamenen i grammatikk. <p>Godkjenninga av obligatoriske arbeidskrav er gyldig i undervisningssemesteret og semesteret etter.</p>
Vurderingsformer Forms of Assessment EB_VURDERI	Eksamen er ei tre vekers rettleidoppgåve med oppgitt tema: Oppgåva omfattar to disiplinlar: Grammatikk på om lag 1500 ord og omsetjing på om lag 1500 ord.

	Det blir gjeve karakter A-F. Kvar disiplin tel 1/2 av samla karakter.
Hjelpemiddel til eksamen Examination Support Material EB_HJELPEM	Ikkje aktuelt.
Karakterskala Grading Scale EB_K-SKALA	Det vert nytta gradert karakterskala frå A til F, der F er stryk.
Vurderingssemester Assessment Semester EB_EKSSEM	Vår. Der er òg vurdering tidleg i haustsemesteret for studentar med gyldig godkjenning av obligatoriske arbeidskrav.
Litteraturliste Reading List EB_LEREM	Grammatikk: ca. 150 sider henta frå ein større franskspråkleg grammatikk. I tillegg skal studentane sjølve finne ein til to artiklar som dei skal sitere i eksamensoppgåva i grammatikk. Ca. 70 sider omsetjingsteori. Litteraturlista vil vere klar innan 01.06. for haustsemesteret og 01.12. for vårsemesteret.
Emneevaluering Course Evaluation EB_EVALUER	Emneevalueringar vert gjennomførte i tråd med UiB sitt kvalitetssikringssystem.
Programansvarleg Course Coordinator EB_PROGANS	Programstyret har ansvar for fagleg innhald og oppbygging av studiet og for kvaliteten på studieprogrammet og alle emna der.
Emneansvarleg EB_EMNANSV	Programstyret for fransk
Administrativt ansvarleg Course Administrator EB_ADMANSV	Det humanistiske fakultet ved Institutt for framandspråk har det administrative ansvaret for emnet og studieprogrammet.
Kontaktinformasjon Contact Information EB_KONTAKT	Studierettleiar: studierettleiar@if.uib.no Eksamensadministrasjon: eksamen@if.uib.no

Emnekode	ENGLI101
Namn på emnet, nynorsk	Fagdidaktikk i engelsk for integrert lektorutdanning
Namn på emnet, bokmål	Fagdidaktikk i engelsk for integrert lektorutdanning
Course Title, English	English Didactics in Teacher Education
Studiepoeng, omfang	5
Studienivå (studiesyklus)	Bachelor
Fulltid/deltid	
Undervisningsspråk	Engelsk og norsk
Undervisningssemester	Haust (3. semester for studentar som tek engelsk som fag I, og 5. semester for studentar som tek engelsk som fag II).
Undervisningsstad	
Mål og innhald	<p>Emnet har som mål å gje ei innføring i engelsk fagdidaktikk og har fire hovudområde:</p> <ul style="list-style-type: none"> • engelskfagets legitimering og eigenart • sentrale styringsdokument for skolefaget • språklæring • omgrepet kommunikativ kompetanse
Læringsutbyte	<p>Studenten skal ved avslutta emne ha følgjande læringsutbyte definert i kunnskapar, dugleikar og generell kompetanse:</p> <p>Kunnskapar: Studenten</p> <ul style="list-style-type: none"> • har kunnskap om engelskfagets utvikling • har innblikk i styringsdokument for skolefaget • har kjennskap til sentrale språklæringsteoriar og -tilnærmingar • har kjennskap til teoriar knytt til kommunikativ kompetanse <p>Dugleikar: Studenten</p> <ul style="list-style-type: none"> • kan analysere styringsdokument for skolefaget • kan reflektere over og drøfte skolepraksis i lys av relevant teori • kan uttrykke seg munnleg og skriftleg på engelsk knytt til emnet <p>Generell kompetanse: Studenten</p> <ul style="list-style-type: none"> • kan reflektere over eiga læring • kan reflektere over og drøfte problemstillingar knytte til engelsk som skolefag • kan beskrive elevar si læring

Krav til forkunnskapar	Minimum 15 stp i engelsk PEDA 120 KOPRA101 For studentar som tek engelsk som fag II: KOPRA102
Tilrådde forkunnskapar	30 studiepoeng i engelskfaglege emne på 100-nivå.
Studiepoengsreduksjon	
Krav til studierett	Studentar som er tekne opp på lektorprogrammet, og som tek engelsk som fag I eller fag II.
Undervisningsformer og omfang av organisert undervisning	12 timar førelesingar. Seminar: 2 (4) timar (avheng av talet på studentar). Obligatorisk munnleg framlegging. – 2 timar (obligatorisk oppmøte). Seminar: 2 dagar for- og etterarbeid knytt til emnet KOPRA102 for studentar som tek engelsk som fag I, og 2 dagar for- og etterarbeid knytt til praksisemnet KOPRA103 for studentar som tek engelsk som fag II.
Obligatorisk undervisningsaktivitet	For å gå opp til eksamen må studentane ha lagt fram eit godkjent arbeid på engelsk der dei analyserer eit språkfagleg spørsmål i lys av fagdidaktisk teori. – For å gå opp til eksamen må studentane ha delteke på eit seminar om lesing og skriving av akademiske tekstar innanfor fagområdet. 2 dagar for- og etterarbeid knytt til praksisemnet KOPRA102 for studentar som tek engelsk som fag I. 2 dagar for- og etterarbeid knytt til praksisemnet KOPRA103 for studentar som tek engelsk som fag II. Sjølv om førelesingar ikkje er obligatoriske, er det venta at studentane er til stades i undervisninga, og organiseringa av
Vurderingsformer	Eksamensforma er ein 4 timar digital skoleeksamen. Eksamen skal skrivast på engelsk, og rett og god språkføring vert vektlagd.
Hjelpemiddel til eksamen	Læreplanverket LK06/13 .

Karakterskala	Ved sensur av emnet nyttar ein karakterskalaen A-F, der F er stryk.
Vurderingssemester	Haust
Litteraturliste	Pensum utgjer om lag 350 sider av normal vanskegrad. Institutt for framandspråk gir forslag om spesifisert pensumliste i emnet.
Emneevaluering	Studentane evaluerer undervisninga ved slutten av semesteret i tråd med UiB sitt kvalitetssikringssystem.
Programansvarleg	Det humanistiske fakultet, Universitetet i Bergen
Emneansvarleg	Det humanistiske fakultet, Universitetet i Bergen
Administrativt ansvarleg	Institutt for framandpråk
Kontaktinformasjon	<i>Studierettleiar kan kontaktast her:</i> Studierettleiar@if.uib.no <i>Tlf 55 58 xx xx</i>

Emneplan	
Emnekode Course Code	ENGDI301
Namn på emnet,	Fagdidaktikk i engelsk for integrert lektorutdanning
Namn på emnet,	Fagdidaktikk i engelsk for integrert lektorutdanning
Course Title, English	English Didactics in Teacher Education
Studiepoeng, omfang	5
ECTS Credits	5
Studienivå (studiesyklus)	Master Master
Fulltid/deltid Full-time/Part-time	Fulltid Full-time
Undervisningspråk Language of Instruction	Engelsk og norsk English and Norwegian
Undervisningssemester Semester of Instruction	Vår Spring
Undervisningsstad Place of Instruction	
Mål og innhald Objectives and Content	<p><i>Mål:</i> Emnet har som mål å gi studentane ei vidare innføring i fagfeltet engelsk fagdidaktikk.</p> <p><i>Innhald:</i> Studiet tar opp tema som:</p> <ul style="list-style-type: none"> • <i>Strategiar for språkkompetanse</i> • <i>Tekstforståing og læringsprosessar</i> • <i>Rettleiing og vurdering</i>

<p>Læringsutbyte</p> <p>Learning Outcomes</p>	<p><i>Studenten skal ved avslutta emne ha følgjande læringsutbyte definert i kunnskapar, ferdigheiter og generell kompetanse:</i></p>		
	<p><i>Kunnskapar</i></p>	<p><i>Ferdigheiter</i></p>	<p><i>Generell kompetanse</i></p>
	<p><i>Studenten</i> * kan drøfte problemstillingar som gjeld vilkår for læring og kompetanseutvikling *kan undersøke læring og/eller tilrettelegging for læring i eige klasserom i engelskundervisninga ved hjelp av fagkunnskap og fagdidaktisk teori, og presentere refleksjon over dette * kan formidle og kommunisere faglege problemstillingar knytt til profesjonsutøving innan engelskfaget på eit fagleg avansert nivå</p>	<p><i>Studenten</i> * kan vurdere læremiddel og arbeidsformer i engelskfaget i relasjon til dei ulike emna i skolefaget, og kan grunngi val og vurderingar i samsvar med eige fagsyn. * kan rettleie elevane i deira læringsprosessar på grunnlag av teoriar om språk, tekst og kultur, og kunne vurdere elevane sitt læringsutbyte</p>	<p><i>Studenten</i> *kan uttrykkje seg munnleg og skriftleg på engelsk innan fagfeltet</p>
<p>Krav til forkunnskapar</p> <p>Required Previous</p>	<p>100-nivå og 200-nivå i engelsk språk, litteratur og engelsk fagdidaktikk; 100-nivå i fag II og gjennomført praksis i skolen i 7. semester.</p>		
<p>Tilrådde forkunnskapar</p> <p>Recommended previous Knowledge</p>			
<p>Studiepoengsreduksjon</p> <p>Credit Reduction due to Course Overlap</p>			
<p>Krav til Studierett</p> <p>Access to the Course</p>			

<p>Undervisningsformer og omfang av organisert undervisning</p> <p>Teaching Methods and Extent of Organized Teaching</p>	<p>16 timar forelesing og to timar seminar.</p>
<p>Obligatorisk undervisningsaktivitet</p> <p>Compulsory Assignments and Attendance</p>	<p>Studentane skal ha levert eit førsteutkast til prosjektoppgåva</p>
<p>Vurderingsformer</p> <p>Forms of Assessment</p>	<p><i>I emnet nyttar ein følgjande vurderingsformer:</i></p> <p>Eksamensforma er ei rettleia prosjektoppgåve på 4000 ord der studentane sjølve vel tema og problemstilling. Nærare retningsliner for oppgåva vert gitt i studiet.</p> <p>Oppgåva vert skriven på engelsk.</p>
<p>Hjelpemiddel til eksamen</p> <p>Examination Support Material</p>	
<p>Karakterskala</p> <p>Grading Scale</p>	<p>Bokstavkarakterar med skalaen A, B, C, D, E, F vert nytta.</p>
<p>Vurderingssemester</p> <p>Assessment Semester</p>	<p>Vår</p>

<p>Litteraturliste</p> <p>Reading List</p>	<p><i>Litteraturlista vil vere klar innan 01.01. Pensum utgjer om lag 700 sider av normal vanskegrad.</i></p>
<p>Emneevaluering</p> <p>Course Evaluation</p>	<p>Undervisninga vert evaluert i tråd med UiB sitt kvalitetssikringssystem.</p>
<p>Programansvarleg</p> <p>Programme Committee</p>	<p><i>Programstyret har ansvar for fagleg innhald, oppbygging av studiet og for kvaliteten på studieprogrammet og alle emna der.</i></p>
<p>Emneansvarleg</p> <p>Course Coordinator</p>	<p>Emneansvarleg går fram av informasjon om emnet i Mitt UiB.</p>
<p>Administrativt ansvarleg</p> <p>Course Administrator</p>	<p><i>Det humanistiske fakultet v/ institutt for framandspråk har det administrative ansvaret for emnet og studieprogrammet.</i></p>
<p>Kontaktinformasjon</p> <p>Contact Information</p>	<p><i>Studierettleiar kan kontaktast her:</i> <u>Studierettleiar@xx-uib.no</u> <i>Tlf 55 58 xx xx</i></p>

Emnekode	TYS311L
Namn på emnet, nynorsk	Moderne tysk språk og litteratur
Namn på emnet, bokmål	Moderne tysk språk og litteratur
Course Title, English	Contemporary German language and literature
Studiepoeng, omfang	10
Studienivå	Master
Fulltid/deltid	Fulltid
Undervisningsspråk	Tysk
Undervisningssemester	Vår
Undervisningsstad	Bergen
Mål og innhald	TYS311L er ei innføring i utvalte emne frå språk- og litteraturvitskap som er knytte til analyse av og arbeid med moderne litterære verk og kulturorienterte tekstar, dvs. tekstar frå det 20. og 21 hundreåret.
Læringsutbyte/resultat <ul style="list-style-type: none"> • Kunnskap • Dugleik • Grunnkompetanse 	<p>Kunnskap: Studenten</p> <ul style="list-style-type: none"> • har god kunnskap om moderne tyskspråklege forfattarar • har god kunnskap om fagterminologien og omgrepa som trengs for å skildre kjenneteikna til moderne tyskspråklege tekstar <p>Dugleik: Studenten</p> <ul style="list-style-type: none"> • kan skildre kva som skil moderne tekstar frå «eldre» tekstar språkleg, stilistisk og innhaldsmessig og analysere dei • har inngående kunnskap om utvalte emne i tysk språk- og litteraturvitskap • har god kjennskap til den sentrale fagterminologien i desse emna • kan diskutere og formidle sentrale problemstillingar innan dei emna som blir handsama, både munnleg og skriftleg <p>Kompetanse: Studenten</p> <ul style="list-style-type: none"> • er i stand til på eiga hand å oppdatere og utvide kunnskapane sine om moderne tysk språk og tyskspråkleg litteratur • er skrivetknisk førebudd på å ta til på skrivinga av masteroppgåva
Krav til forkunnskapar	
Tilrådde forkunnskapar	
Studiepoengsreduksjon	TYS311 (10 stp.)

Krav til studierett	Opptak til lektorutdanninga med master i framandspråk ved Det humanistiske fakultet.
Undervisningsformer og omfang av organisering undervisning	<ul style="list-style-type: none"> • Undervisninga blir gitt som forelesningar/seminar der ein går ut frå at studentane deltek aktivt. • 4 timar • 8 veker (til saman 8 dobbeltimar litteratur og 8 dobbeltimar lingvistikk) <p>Om det melder seg få studentar til eit emne, kan undervisningsforma bli tilpassa studenttalet. Studentane vil i så fall bli informerte om det alternative undervisningsopplegget ved semesterstart og før semesterregistreringsfristen 1. februar/1. september.</p>
Obligatoriske arbeidskrav	<p>Det skal skrivast to kortare (ca. 300–500 ord kvar) øvingsoppgåver (ei i litteratur og ei i språk) og haldast to munnlege presentasjonar i tilknytning til undervisninga (ei i litteratur og ei i språk). Rettleiing på heimeeksamen er òg obligatorisk (sjå vurdering). Arbeidskrava må vere godkjende av faglærer før ein kan gå opp til eksamen i emnet.</p> <p>Dei munnlege presentasjonane og øvingsoppgåvene er gyldige i undervisningssemesteret og det følgjande semesteret. Rettleiing på heimeeksamen er berre gyldig i undervisningssemesteret. Det vert gitt ny rettleiing i det undervisningsfrie semesteret om nokon melder seg til vurdering.</p>
Vurderingsformer	<p>Vurdering skjer på grunnlag av ein rettleidd heimeeksamen og ein munnleg eksamen (ca. 30 min). Heimeeksamen skal skrivast på ei veke og vere på om lag 3000 3700 ord, ikkje medrekna innhaldsoversyn, oppgåveformulering og litteraturliste.</p> <p>På heimeeksamenen vel ein mellom ei litteraturvitskapleg og ei språkvitskapleg problemstilling. Den munnlege eksamenen skal vere ein presentasjon av eit sjølvvalt pensumrelatert emne frå den disiplinen ein har valt bort i heimeeksamen. Det kan òg stillast spørsmål til heimeeksamen og pensum.</p> <p>Ved utrekninga av den endelege karakteren tel heimeeksamen 50% og den munnlege eksamenen 50% .</p>
Hjelpemiddel til eksamen	
Karakterskala	Ved sensur nyttar ein karakterskalaen A-F, der F er stryk.
Vurderingssemester	Vår. Der er òg vurdering tidleg i haustsemesteret for studentar med gyldig godkjenning av obligatoriske arbeidskrav.
Læremiddelomtale	<p>Pensum består av</p> <p>a) utvalte emne frå språk- og litteraturvitskap (til dømes utvalte grammatiske tema av generell karakter, emne frå tekst- og varietetslingvistikk, kontrastiv analyse, genrelære, tekstinterpretasjon/-</p>

	analyse) på til saman ca. 300 sider og b) litterære verk og kulturorienterte tekstar (til dømes essays, kultureportasjar, film o.l.) med eit omfang på inntil 700 sider.
Emneevaluering	Undervisninga blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitetssikrings-system.
Programansvarleg	
Administrativt ansvarleg	
Kontaktinformasjon	studieveileder@if.uib.no

Fellesemne i IF sine grader etter innføringa av HF2018

Rapport frå arbeidsgruppa som var sett saman av Camilla Skalle, Torgeir Skorgen, Ingunn Lunde, Øyvind Gjerstad og Synnøve Rosales. Lene Johannessen var med på nokre innleiande møte.

Bachelornivå

På side 9-10 i «Styringsgruppens reviderte anbefalinger», vedtatt i Fakultetsstyret ved HF 20.12.2016, står det følgjande:

5. Bachelorprogram i europeiske og amerikanske språk og litteraturer

Studieretninger: tysk språk og litteratur, fransk språk og litteratur, italiensk språk og litteratur, russisk språk og litteratur, engelsk språk og litteratur, spansk språk og latinamerikastudier.

Styringsgruppen mener det er mest hensiktsmessig å samle alle disse språkfagene i ett bachelorprogram selv om studieretningene har noe ulik profil.

A. Tysk, fransk, italiensk og russisk

Fellesemner: Et fellesemne i europeisk historie og/eller kultur på 10 stp i spesialiseringen på 100- nivå. Emnet utvikles av IF, eventuelt i samarbeid med AHKR. Emnet kan ha en felleskomponent og en språkspesifikk komponent.

For de samme fagene opprettes et obligatorisk fellesemne (5 stp) i litteraturteori på 200-nivå. Emnet utvikles av IF, eventuelt i samarbeid med litteraturvitenskap ved LLE.

Bachelor i europeiske og amerikanske språk og litteraturer					Merknader
Felles for studieretningene: tysk språk og litteratur, fransk språk og litteratur, italiensk språk og litteratur, russisk språk og litteratur					
1	Høst	Ex.phil.	Ex.fac.	Introemne	
2	Vår	20 sp		10 sp	
3	Høst	30 sp			
4	Vår	30 sp			
5	Høst	30 sp			
6	Vår	25 sp		5 sp	

Arbeidsgruppa som vart sett ned for å svara på bestillinga fremja gjennom «Styringsgruppens reviderte anbefalinger» såg på fleire alternativ, og mellom desse var å importera eksisterande emne frå AHKR og LLE. Dette vart raskt forkasta, då ein ikkje fann emne som hadde tilstrekkeleg sterke faglege band til emna som skal tilbydast i dei ulike studieretningane her på IF. Det vart difor bestemt at IF sjølv skal laga desse emna som eit samarbeid mellom dei faga som skal ha emna i sine bachelorkurs, og ein har laga emneomtalar for «SEK100 Samanliknande europeiske kulturstudium» og «LITIF200 Litteraturteori». SEK100 kjem til å gå kvar haust trass i at det er sett opp i 2. semester (vår) i «Styringsgruppens reviderte anbefalinger» då dette passar best inn i studieløpa til dei aktuelle faga. Ein har her også tatt med i betraktninga at lektorstudentane ikkje skulle missa fleire fagspesifikke studiepoeng, då desse per i dag berre har 50 studiepoeng i sine respektive fag og på

sine respektive språk i fag II. Ved å leggja SEK100 til hausten, gir ein lektorstudentane høve til å velja vekk dette emnet til fordel for deira obligatoriske pedagogikk- og didaktikkemne.

I arbeidet har ein ut ifrå ressursituasjonen forkasta mange idéar som var gode både sett frå ein fagleg og ein pedagogisk ståstad, m.a. forslaget som var nemnt i «Styringsgruppens reviderte anbefalinger» om ein språkspesifikk komponent. Dette ville krevja store ressursar både i undervisninga og ikkje minst i administreringa av emnet, og dette er det diverre ikkje høve til på det noverande tidspunktet. Ein diskuterte også gruppearbeid utan at dette skulle vera språkspesifikt, obligatoriske aktivitetar og ulike vurderingsformer. Alt dette vart ved nærare diskusjon vurdert til å krevja meir arbeidstimar enn det faga no har til disposisjon både hjå dei faglege og administrativt tilsette. Det vart konkludert med at det å samarbeida om kurs som skal vera gode både fagleg og pedagogisk ikkje nødvendigvis sparar ressursar i høve til det å gjennomføra kursa innan kvart fag.

Både emnet på 100-nivå og emnet på 200-nivå er difor «minimumsemne». Ein har lagt inn så lite undervisning som mogeleg, kutta gruppearbeid og obligatoriske aktivitetar og ein har valt skuleeksamen som vurderingsform på eitt av emna. Det vert gjentatt og understreka at dette er gjort ut ifrå ressursomsyn, og ikkje faglege og/eller pedagogiske omsyn.

Det er ikkje endeleg avklart om spansk og latinamerikastudium og eventuelt engelsk skal bidra i undervisninga til emnet på 100-nivå. Dei vil i så fall bidra med ei førelesing kvar (dobbeltime). Emneansvaret skal gå på omgang etter følgjande mal:

<i>SEK100 Samanliknande europeiske kulturstudium</i>	
Hausten 2019*	Russisk
Hausten 2020	Tysk
Hausten 2021	Fransk
Hausten 2022	Italiensk
Hausten 2023	Russisk
Hausten 2024	Tysk
Hausten 2025	Fransk
Hausten 2026	Italiensk

*Det faget som har emneansvaret om hausten, har også ansvar for eventuell konteeksamen om våren.

<i>LITTIF200 Litteraturteori*</i>	
Våren 2020**	Tysk
Våren 2021	Fransk
Våren 2022	Italiensk
Våren 2023	Russisk
Våren 2024	Tysk
Våren 2025	Fransk
Våren 2026	Italiensk
Våren 2027	Russisk

*Det kan verta aktuelt å innføra nytt 200-nivå allereie våren 2019 og i så fall må denne planen reviderast.

**Det faget som har emneansvaret om våren, har også ansvar for eventuell konteeksamen om hausten.

Det vil vera ansvaret til det faget som skal ha emneansvar å kalla dei andre faga inn til møte i god tid før pensumliste og kursplan skal publiserast for å koma fram til eit pensum og ei temarekkje som alle kan einast om.

Ressursbruk

SEK100 vil krevja 369 timar i eit akademisk år:

- Emneansvar: 25 t
- Undervisning (førelesingar): 2 t/veke i 8 veker =16 t x faktor 4 =64 t
- Eksamen (heimeeksamen): 65* studentar x faktor 2 = 130 t x 2 sensorar** =260 t
- Konteeksamen: 5 studentar x faktor 2 =10 t x 2 sensorar =20 t

*Studenttalet er basert på stipulert tal studentar møtt 2. semester etter å ha blitt tekne opp på bachelorprogram og årsstudium i tysk, fransk, italiensk og russisk hausten 2017.

**Basert på noverande ordning. Dersom Fakultetsstyret vedtek at det er høve til å bruka ein sensor, kan dette timetalet bli redusert.

LITTIF200 vil krevja 117 timar i eit akademisk år:

- Emneansvar: 25 t
- Undervisning (førelesingar): 2 t/veke i 4 veker = 8 t x faktor 4 = 32 t
- Eksamen (4 t skuleeksamen): 47* studentar x faktor 0,6 = 28,2 t x 2 sensorar** = 56,4 t
- Konteeksamen: 3 studentar x faktor 0,6 = 1,8 t x 2 sensorar = 3,6 t

*Studenttalet er basert på stipulert tal studentar møtt 2. semester etter å ha blitt tekne opp på bachelorprogram i tysk, fransk, italiensk og russisk hausten 2017.

**Basert på noverande ordning. Dersom Fakultetsstyret vedtek at det er høve til å bruka ein sensor, kan dette timetalet bli redusert.

Ressursbruken per fag per år vert då som følgjer:

SEK100 369 timar + LITTIF200 117 timar = 486 timar : 4* fag = 121,5 timar per fag

*Russisk, italiensk, tysk og fransk. Dersom det vert bestemt at spansk og latinamerikastudium og eventuelt engelsk skal bidra med ei førelesing kvar på SEK100, vil ikkje dette timetalet vera heilt korrekt, men det er uansett snakk om berre ei førelesing per fag, så det vil vera små avvik.

Masternivå

På side 17-19 i «Styringsgruppens reviderte anbefalinger», vedtatt i Fakultetsstyret ved HF 20.12.2016, står det følgende:

19. Masterprogram i engelsk og amerikansk språk og litteraturer

Fellesemne: Engelsk etablerer 10 stp. fellesemner i litteratur og lingvistikk i samarbeid med LLE

Styringsgruppen forutsetter at fagmiljøet arbeider aktivt videre med utredning av fellesemner med andre program og vurderer nedjustering i valgemner.

Master i engelsk og amerikansk språk og litteraturer				Merknader
7	Haust	30 sp		LINGMET: 10 stp av eksisterende emne ved LLE. LITTHF: 10 stp basert på ALLV201 ved LLE.
8	Vår	20 sp	10 sp LINGMET eller LITTHF	
9	Høst	60 sp masteroppgave		
10	Vår			

20. Master i spansk språk og latinamerikastudier

Fellesemner: Spansk språk og latinamerikastudier tar inn 15 stp fellesemner i litteratur og lingvistikk i samarbeid med LLE, HIS203 i samarbeid med AHKR, eller nytt emne i migrasjon som er under utvikling ved IF. Styringsgruppen forutsetter at fagmiljøet arbeider aktivt videre med utredning av fellesemner med andre program.

Master i spansk språk og latinamerikastudier				Merknader
7	Haust	15 sp	15 sp LINGMET, LITTHF, HIS203 eller migrasjon	LINGMET fra LLE, LITTHF basert på ALLV201 ved LLE. HIS203 fra AHKR, nytt emne i migrasjon (IF).
8	Vår	30 sp (veiledet studium)		
9	Høst	60 sp masteroppgave		
10	Vår			

21. Master i italiensk språk og litteratur

Fellesemner: Italiensk tar inn fellesemner i litteratur og lingvistikk i samarbeid med LLE.

Master i italiensk språk og litteratur				Merknader
7	Haust	15 sp	Fellesemner: LINGMET og LITTHF	Minst 15stp fellesemner: LINGMET/LITTHF i samarbeid med LLE
8	Vår	30 sp		
9	Høst	60 sp masteroppgave		
10	Vår			

22. Master i fransk språk og litteratur

Tysk får godkjent sine SAK-emner som fellesemner. Dersom SAK-emnene blir nedlagt skal minst 15 stp. erstattes av andre fellesemner

Master i fransk språk og litteraturer				Merknader
7	Haust	15 sp	Fellesemner: SAK samarbeid med NTNU	SAK: SAK- samarbeid tilsvarende 15stp med NTNU
8	Vår	30 sp		
9	Høst	60 sp masteroppgave		
10	Vår			

23. Master i tysk språk og litteratur

Tysk får godkjent sine SAK-emner som fellesemner. Dersom SAK-emnene blir nedlagt skal minst 15 stp. erstattes av andre fellesemner

Master i tysk språk og litteratur				Merknader
7	Haust	15 sp	Fellesemner: LINGMET/LITTHF eller SAK-emner	SAK: SAK- samarbeid tilsvarende 15stp med NTNU
8	Vår	30 sp		
9	Høst	60 sp masteroppgave		
10	Vår			

24. Master i russisk språk og litteratur

Fellesemner: Tar inn fellesemner på 15 stp i litteratur og lingvistikk i samarbeid med LLE

Master i russisk språk og litteratur				Merknader
7	Haust	15 sp	Fellesemner: LINGMET/LITTHF eller SAK-emner	Minst 15stp fellesemner: LINGMET eller LITTHF i samarbeid med LLE SAK: SAK- samarbeid tilsvarende 15stp med NTNU
8	Vår	30 sp		
9	Høst	60 sp masteroppgave		
10	Vår			

Engelsk har hatt dialog med LLE, og LLE opprettar to skreddarsydde emne til dei, eitt om våren og eitt om hausten, nemleg LING311 om våren og ein 10 studiepoengs variant av ALLV201 som skal gå på engelsk kvart haustsemester. Førstnemnde skal gå inn i engelsk master med spesialisering i lingvistikk, medan sistnemnde skal gå inn i det parallelle masterløpet i engelsk litteratur. Desse emna kan også nyttast av andre fag ved IF, men vil ikkje vera brukande for alle, då dei andre faga er avhengige av å ha valemna i same semesteret sidan ein ikkje har mogelegheit til parallelle studieløp. LLE har heller ikkje ressursar til å oppretta fleire skreddarsydde kurs for IF, særleg med tanke på at det på dei andre faga utanom engelsk er relativt få studentar på masternivå. I tillegg er det ulikt om faga har emne på 10 eller 15 studiepoeng på masternivå, og det vil såleis vera ulikt kva eksterne emne som kan passa inn.

Tre punkt kan nemnast når det gjeld pålegga i «Styringsgruppens reviderte anbefalinger»:

- «Styringsgruppens reviderte anbefalinger» nemner at Spansk og latinamerikastudium kan ta inn eit nytt emne i migrasjon som kan utviklast ved IF. Det er diverre ikkje sannsynleg at dette emnet vert utvikla i nær framtid og med den noverande ressursituasjonen.
- «Styringsgruppens reviderte anbefalinger» kallar eit nytt 15 studiepoengs emne som LLE skal utvikla til IF basert på ALLV201, for LITTHF. Dette emnet vert ikkje utvikla, då LLE i staden har laga eit 10 studiepoengs emne til engelsk.
- «Styringsgruppens reviderte anbefalinger» legg fellesemna til haustsemesteret for alle fag unnateke engelsk, der det ligg i vårsemesteret. Det er ulikt kva semester som høver best å ha fellesemne på i dei ulike faga, og ein har her valt å vera pragmatisk i høve til om faga legg dei til hausten eller våren.

I lys av dette og med tanke på bestillinga i «Styringsgruppens reviderte anbefalinger» er situasjonen på masternivå dermed som følgjer:

	Masterprogram					
	Master i engelsk og amerikansk språk og litteraturar	Master i spansk språk og latinamerikastudium	Master i italiensk språk og litteratur	Master i fransk språk og litteratur	Master i tysk språk og litteratur	Master i russisk språk og litteratur
Pålegget frå Styringsgruppa er følgjande:	10 sp litteraturteori basert på ALLV201 10 sp lingvistik, t.d. LINGMET	15 sp LINGMET, LITTHF, HIS203 eller migrasjon	15sp LINGMET/ LITTHF i samarbeid med LLE	SAK-samarbeid tilsvarende 15stp med NTNU	SAK-samarbeid tilsvarende 15stp med NTNU	15 sp LINGMET eller LITTHF i samarbeid med LLE, eller SAK-samarbeid med NTNU
Faga kan ta inn følgjande eksisterande og/eller nyoppretta emne i masterprogramma sine:	10 sp LING311 (vår) 10 sp litteratur basert på ALLV201 (haust)	15 sp LINGMET (vår) 15 sp ALLV201 (vår og haust) 15 sp HIS203 (vår og haust)	15 sp LINGMET (vår) 15 sp ALLV201 (vår og haust)	15 sp SAK-samarbeid med NTNU	15 sp SAK-samarbeid med NTNU	15 sp LINGMET (vår) 15 sp ALLV201 (vår og haust) Relevante fag frå andre studieprogram

Det finst i tillegg eit anna emne hjå LLE, DASP307, Språkvitskapeleg skiving for master- og PhD-studentar, som er på 5 sp, går om våren og går på engelsk ved behov, og som eventuelt kan kombinerast med LING311. Nokre fag, som t.d. russisk, vil også godkjenna andre relevante fag frå t.d. SV-fakultetet i sine studieprogram.

Fleire fag peikar på at det ikkje er ideelt å inkludera LINGMET, ALLV201 og HIS203 i studieløpa på master då alle desse emna normalt vert underviste på norsk, noko som vil ekskludera dei mange framandspråklege masterstudentane me har på instituttet. Ein vil då måtta finna individuelle løysingar for desse. I tillegg kan det faglege innhaldet vera vanskeleg å kombinera med eigne emne,

spesielt på ALLV201 der innhaldet varierer frå semester til semester og det difor vil vera vanskeleg å laga ein innbyrdes logikk i emna utan også å endra innhaldet i IF-emna studentane skal ta samstundes med ALLV201.

Konklusjonen er likevel at det vil vera mogeleg, men ikkje fagleg ideelt, for alle IF sine mastergradar å møte krava som er sette fram i samband med HF2018.

Formuleringar for læringsutbyte i studieplanar

Under «kunnskapar» i studieplanane for bachelorløpa kan det t.d. stå at studenten har:

- kunnskap om nokre sentrale omgrep, debattar og historiske brytningsfasar som har prega den kulturelle utviklinga i Europa (etter å ha gjennomført SEK100)
- grunnleggjande kunnskapar innan fortolkings- og diskursteori (etter å ha gjennomført LITTIF200)

Når det gjeld masterløpa, er det mykje meir komplisert å finna felles formuleringar då dei ulike faga her kjem til å ha heilt ulike løysingar, så her må kvart fag finna fram til det som passar for dei.

Emnekode	SEK100								
Namn på emnet, nynorsk	Samanliknande europeiske kulturstudium								
Namn på emnet, bokmål	Sammenlignende europeiske kulturstudier								
Course Title, English	Comparative European Culture Studies								
Studiepoeng, omfang	10								
Studienivå (studiesyklus)	Bachelor								
Fulltid/deltid	Fulltid								
Undervisningsspråk	Norsk								
Undervisningssemester	Haust								
Undervisningsstad	Universitetet i Bergen								
Mål og innhald	<p>Emnet har som mål å gi studentane innblikk i nokre sentrale omgrep, debattar og historiske oppbrott som har prega den kulturelle utviklinga i Europa, og korleis desse vert formidla først og fremst i litteratur, men også i andre kulturelle uttrykk. Aktuelle omgrep kan vera kultur, identitet, nasjon, totalitære regime, isolasjonisme/ proteksjonisme, globalisering, minoritet og kva det vil seia å vera europear.</p> <p>Emnet vil belysa eit utval av epokar og oppbrotstider i europeisk historie der nye idear, omgrep og tenkjemåtar har blitt til eller skifta innhald på måtar som har påverka den kulturelle utviklinga og skjønnlitteraturen. Emnet vil ta for seg ulike epokar i et samanliknande perspektiv fiksert om nokre omgrepshistoriske utviklingslinjer.</p>								
Læringsutbyte	<p><i>Studenten skal ved avslutta emne ha følgjande læringsutbyte definert i kunnskapar, ferdigheiter og generell kompetanse:</i></p> <table border="1"> <thead> <tr> <th><i>Kunnskapar</i></th> <th><i>Ferdigheiter</i></th> <th><i>Generell kompetanse</i></th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td> <p><i>Studenten ..</i> *har kunnskap om nokre sentrale omgrep, debattar og historiske brytningsfasar som har prega den kulturelle utviklinga i Europa *har kunnskap</p> </td> <td> <p><i>Studenten ..</i> * forstår nokre kulturelle fenomen og utviklingstrekk i Europa * kan problematisera og reflektera over nokre sentrale omgrep, debattar og historiske oppbrott som har prega den kulturelle utviklinga i</p> </td> <td> <p><i>Studenten ..</i> * kan demonstrera kunnskap og evne til fagleg drøfting i eit mindre skriftleg arbeid *kan analysera fagstoff og trekkja eigne slutningar * kan vidareutvikla sin kunnskap, dugleik og forståing</p> </td> </tr> </tbody> </table>			<i>Kunnskapar</i>	<i>Ferdigheiter</i>	<i>Generell kompetanse</i>	<p><i>Studenten ..</i> *har kunnskap om nokre sentrale omgrep, debattar og historiske brytningsfasar som har prega den kulturelle utviklinga i Europa *har kunnskap</p>	<p><i>Studenten ..</i> * forstår nokre kulturelle fenomen og utviklingstrekk i Europa * kan problematisera og reflektera over nokre sentrale omgrep, debattar og historiske oppbrott som har prega den kulturelle utviklinga i</p>	<p><i>Studenten ..</i> * kan demonstrera kunnskap og evne til fagleg drøfting i eit mindre skriftleg arbeid *kan analysera fagstoff og trekkja eigne slutningar * kan vidareutvikla sin kunnskap, dugleik og forståing</p>
<i>Kunnskapar</i>	<i>Ferdigheiter</i>	<i>Generell kompetanse</i>							
<p><i>Studenten ..</i> *har kunnskap om nokre sentrale omgrep, debattar og historiske brytningsfasar som har prega den kulturelle utviklinga i Europa *har kunnskap</p>	<p><i>Studenten ..</i> * forstår nokre kulturelle fenomen og utviklingstrekk i Europa * kan problematisera og reflektera over nokre sentrale omgrep, debattar og historiske oppbrott som har prega den kulturelle utviklinga i</p>	<p><i>Studenten ..</i> * kan demonstrera kunnskap og evne til fagleg drøfting i eit mindre skriftleg arbeid *kan analysera fagstoff og trekkja eigne slutningar * kan vidareutvikla sin kunnskap, dugleik og forståing</p>							

	om korleis desse vert formidla i skjønnlitteraturen og andre kulturelle uttrykk	Europa	gjennom vidare studium og yrkesliv
Tilrådde forkunnskapar	Ingen		
Studiepoengsreduksjon	Ingen overlapp		
Krav til Studierett	Emnet er ope for alle med ein studierett ved UiB.		
Undervisningsformer og omfang av organisert undervisning	Det blir undervist i sentrale delar av pensum i hovudsak i form av oversynsførelingar. Normalt blir det gitt førelingar to timar i veka i åtte veker. Det kan også verta aktuelt å organisera undervisninga i større blokker.		
Obligatorisk undervisningsaktivitet	Ingen		
Vurderingsformer	Vurderingsforma i emnet er ein sju dagars heimeeksamen på om lag 2500 ord.		
Hjelpemiddel til eksamen			
Karakterskala	Ved sensur nyttar ein karakterskalaen A-F, der F er stryk.		
Vurderingssemester	Haust og vår		
Litteraturliste	Pensum skal innehalda fagleg relevant sekundærlitteratur i form av bøker og artiklar, og kan også innehalda kortare skjønnlitterære tekstar. <i>Litteraturlista vil vere klar innan 01.06. for haustsemesteret og 01.12. for vårsemesteret.</i>		
Emneevaluering	Undervisninga blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitetssikringssystem.		
Programansvarleg	<i>Programstyret har ansvar for fagleg innhald og oppbygging av studiet og for kvaliteten på studieprogrammet og alle emna der.</i>		
Emneansvarleg			
Administrativt ansvarleg	<i>... fakultet ... v/ ... institutt ... har det administrative ansvaret for emnet og studieprogrammet.</i>		
Kontaktinformasjon Contact Information	Studierettleiar kan kontaktast her: <u>Studierettleiar@xx-uib.no</u> Tlf 55 58 xx xx		

Emnekode	LITTIF200
Namn på emnet, nynorsk	Litteraturteori
Namn på emnet, bokmål	Litteraturteori
Course Title, English	Literary Theory
Studiepoeng, omfang	5
Studienivå, studiesyklus	Bachelor
Fulltid/deltid	Fulltid
Undervisningsspråk	Normalt engelsk
Undervisningssemester	Vår
Undervisningsstad	Bergen
Mål og innhald	<p><i>Mål:</i></p> <p>Emnet har som mål å gi ei innføring i fortolkning- og diskursteori med eit innslag av ulike teoretiske retningar som har vore relevante for europeisk litteratur.</p> <p><i>Innhald:</i></p> <p>Studiet vil vera sett saman av eit utval litteraturteoretiske tekstar.</p>
Læringsutbyte	<p>Studenten skal ved avslutta emne ha følgjande læringsutbyte definert i kunnskap, dugleik og generell kompetanse:</p> <p>Kunnskap <i>Studenten</i></p> <ul style="list-style-type: none"> • Har grunnleggjande kunnskap om eit utval teoretiske retningar som har vore relevante for fortolkings- og diskursteori innan europeisk litteratur • har kunnskap om forholdet mellom litteratur, samfunn, kultur, makt, kjønn og identitet <p>Dugleik <i>Studenten</i></p> <ul style="list-style-type: none"> • kan drøfte fagstoffet i eit mindre skriftleg arbeid • kan problematisera og reflektera omkring korleis ulike teoretiske retningar eller skular har tolka europeisk litteratur på ulike måtar <p>Generell kompetanse <i>Studenten</i></p> <ul style="list-style-type: none"> • kan demonstrera kunnskap og evne til fagleg drøfting i eit skriftleg arbeid • kan arbeide sjølvstendig med ei problemstilling knytt til fagstoffet. • kan vidareutvikle kunnskapane, dugleiken og forståinga si av fagstoffet gjennom vidare studium.

Krav til forkunnskapar	Ingen
Tilrådde forkunnskapar	Ingen
Studiepoengsreduksjon	Ingen
Krav til studierett	Emnet er ope for alle med studierett ved UiB.
Arbeids- og undervisningsformer	<p>Det blir undervist i sentrale delar av pensum i hovudsak i form av oversynsførelesingar. Normalt blir det gitt førelesingar to timar i veka i fire veker. Det kan også verta aktuelt å organisera undervisninga i ei eller fleire blokker.</p> <p>Om det melder seg færre enn fem studentar til eit emne, kan undervisningstilbodet bli tilpassa studentalet. Studentane vil i så fall bli informerte om det alternative undervisningsopplegget ved semesterstart, og før semesterregistreringsfristen 1. februar/1. september.</p>
Obligatorisk undervisningsaktivitet	Ingen
Vurderingsformer	Vurderingsforma i emnet er ein to timars skuleeksamen. Eksamen kan bli gitt tidleg i semesteret.
Hjelpemiddel ved eksamen	Ingen
Karakterskala	Ved sensur av emnet nyttar ein karakterskalaen A-F, der F er stryk.
Vurderingssemester	Vår
Litteraturliste	<p>I pensumoversynet på internett ligg det opplysningar om kva tekstar som til ei kvar tid er pensum.</p> <p>Litteraturlista vil vere klar innan 01.06. for haustsemesteret og 01.12. for vårsemesteret</p>
Emneevaluering	Undervisninga vert evaluert i tråd med UiB sitt kvalitetssikringssystem.
Programansvarleg	Programstyret har ansvaret for fagleg innhald og oppbygging av studiet, og for kvaliteten på studieprogrammet og alle emna der.
Emneansvarleg	Programstyret for Europeiske språk og litteraturar.
Administrativt ansvarleg	Det humanistiske fakultet ved Institutt for framandspråk har det administrative ansvaret for emnet og studieprogrammet.
Kontaktinformasjon	<p>Studierettleiar@if.uib.no</p> <p>Eksamensadministrasjon: eksamensf.uib.no</p>

Endringer i studieplanen for BAHF-ARAB, gjeldende fra høsten 2018

Endringene i denne studieplanen gjelder for studenter som blir tatt opp på bachelorprogrammet i arabisk høsten 2018. Den reelle endringen på programmet trer ikke i kraft før våren 2019, som er det semesteret studentene starter på selve arabiskemnene (med unntak av ARA100).

Hovedendringen i studieplanen er at arabiskprogrammet går fra en flettemodell i undervisningen (der studenten tar ett emne i arabisk (15 stp) og ett frie studiepoeng per semester) til en blokkmodell (der studenten tar 30 stp arabisk per semester). I tillegg til dette går ARA100 inn som et obligatorisk emne i bachelorgraden i arabisk, ARA252 blir lagt ned og studentene på arabisk tar HIM250 som bacheloroppgave i programmet. Dette gir studentene (i kombinasjon med HIM/HIS/RELV-emner som frie studiepoeng) muligheten til å søke om opptak til masterprogrammet i historie her på UiB.

Andre endringer:

- Endringer i læringsutbytte på ARA-emnene
- Spseifisering av omfang av litteraturliste
- Kun en vurderingsform i ARA115: veiledet semesteroppgave på 2500-3000 ord
- Andre språklige endringer

Studieplan for Bachelorprogram i arabisk
Bachelorprogram i arabisk
Bachelor's Programme in Arabic

Godkjenning:

Studieplanen er godkjend av:

Universitetsstyret:

Programstyret: 30.08.17

Humanistisk fakultet:(dd.mm.år)

Studieplanen vart justert:

Evaluerings:

Studieprogrammet vart sist evaluert:.....

Neste planlagde evaluering:

BAHF-ARAB gjeldande frå og med kull H-18

(planen bør leggjast på nettsidene frå og med våren 2018 – oppdatert for dei som søker V-18 med oppstart H-18)

Krav til studieplanar for studieprogram går fram av:

- §7-2 i Forskrift for tilsyn med utdanningskvalitet i høyere utdanning (studietilsynsforskriften), NOKUT 2013 (FOR 2013-02-28 nr 237) <http://link.uib.no/?21Vcl>
- Kapittel 3 i Forskrift om opptak, studier, vurdering og grader ved Universitetet i Bergen, (Studieforskrifta), UiB, 2012, <http://link.uib.no/?1cqcv>

Kull 2017 og tidligare kull følger «flettemodellen» og må få tilsendt gjeldande studieplan (januar 2018) med beskjed om at dei skal følgje emna i den rekkefølga. Studieplanen gjeldande haust 2017 kan òg leggjast ut i Mitt UiB, merka «Studieplan Kull 2017».

Kategori	Tekst
Namn på studieprogrammet, nynorsk	Bachelorprogram i arabisk
Navn på studieprogrammet, bokmål	Bachelorprogram i arabisk
Name of the programme of study, English	Bachelor's Programme in Arabic
Namn på grad Name of qualification SP_GRADEN	Bachelorprogram i arabisk
Omfang og studiepoeng ECTS credits SP_OMFANG	Bachelorprogram i arabisk med Midtøstens kultur og historie har eit omfang på 180 studiepoeng og er normert til 3 år.
Fulltid/deltid Full-time/part-time SP_FULLDEL	Fulltid. Om du vil ta heile eller delar av studiet som eit 50% deltidsstudium, kan du vende deg til studierettleiar.
Undervisningsspråk Language of instruction SP_SPRAK	Undervisningsspråket på arabiskemna er normalt norsk eller engelsk. Sjå den einskilde emneplanen for emna som inngår i programmet.
Studiestart – semester Semester SP_START	Haut
Mål og innhald SP_INNHALD Objectives and content	Arabisk er det offisielle språket og/eller morsmålet til majoriteten av befolkninga i 23 land. Språket blir talt av meir enn 300 millionar menneske i Midtausten og Nord-Afrika. I tillegg har om lag like mange menneske arabisk som andrespråk, og dessutan er arabisk det liturgiske språket til meir enn ein milliard muslimar. I mellomalderen var arabisk berar av ein av dei rikaste vitskaplege og litterære kulturane i verda og

	<p>er framleis eit særst viktig språk både i religiøs og kulturell samanheng, òg når det gjeld politikk og økonomi. Arabisk er dessutan eitt av de seks offisielle språka i FN, og i Noreg utgjør arabisktalende ein av dei største språklege minoritetane.</p> <p>Arabisk høyrer til den semittiske språkfamilien, til liks med til dømes hebraisk og amharisk, nasjonalspråket i Etiopia. Moderne standardarabisk, som ein vektlegg i undervisninga, er ikkje morsmålet til nokon, men eit skriftspråk som arabarane må læra i tillegg til sine lokale dialektar. Standard skriftleg arabisk er felles for alle utdanna arabarar, utan omsyn til nasjonalitet og vert ofte brukt som talemål i formelle situasjonar. Språket har endra seg lite i løpet av dei 1400 åra som har gått sidan profeten Muhammad levde. Språket i Koranen og det moderne avisspråket er i hovudtrekk det same. Dei dialektane som blir talte, har derimot store ulikskapar.</p>
<p>Læringsutbytte SP_UTBYTTE</p> <p>Required learning outcomes</p>	<p>Kandidaten skal ved avslutta program ha følgjande læringsutbytte definert i kunnskapar, dugleikar/ferdigheiter og generell kompetanse:</p> <p>Kunnskapar: Kandidaten</p> <ul style="list-style-type: none"> - Har god dugleik i lesing og skriftleg omsetjing - Kan identifisere og beskrive forskjellige typar arabiske tekstar - Er kjend med eit breitt utval av fagprosa og skjønlitteraturtekstar - Har grunnleggjande dugleik i lesing og forståing av arabisk pressespråk, til dømes i nettaviser - Har grunnleggjande dugleik i bruk av nokre arabiske ordbøker - Har god kompetanse i moderne arabisk grammatikk <p>Dugleikar/ferdigheiter: Kandidaten</p> <ul style="list-style-type: none"> - Har moderate skrive- og taleferdigheiter i lesing og forståing av arabisk pressespråk - Har lesedugleik i klassisk arabisk - Har moderat skrive- og taledugleik i moderne standardarabisk <p>Generell kompetanse: Kandidaten</p> <ul style="list-style-type: none"> - Kan bruke sine kunnskapar om språket på ein kritisk og sjølvstendig måte - Kan nytta sin kombinasjon av fag i spesialisering og frie studiepoeng i vidare utdanning eller yrkesplanar - Har kunnskap om arabisk kultur og samfunn og kan bruke dei i arbeidslivet <p>Arabisk er eit tidkrevjande språk å læra i høve til nære europeiske språk, ikkje minst grunna skriftssystemet. Det er derfor viktig å ha eit realistisk bilete av oppnåeleg språknivå.</p>
<p>Opptakskrav Admission requirements SP_OPPTAK</p>	<p>Generell studiekompetanse eller realkompetanse.</p>

Tilrådde forkunnskapar Recommended previous knowledge SP_ANBFORK	For å kunna gjennomføra eit studium i arabisk må ein ha gode lesekunnskapar i engelsk og god skriftleg dugleik i norsk. Det er ikkje naudsynt med forkunnskapar i arabisk, men det er ein føremon om studentar har kjennskap til den arabiske verda og/eller språkvitskap.
Innføringsemne Introductory courses SP_INNFORI	Det er sterkt tilrådd å ta desse emna første semester: <ul style="list-style-type: none"> · EXPHIL Examen philosophicum (10 stp.) · EXFAC00SK Språk og kommunikasjon (10 stp.) <p style="color: red;">ARA100 Innføringskurs i arabisk språk og kultur (10 stp.) er obligatorisk i programmet og det er tilrådd å ta emnet i første semester.</p> For nokre studentar, til dømes studentar som allereie har tatt eitt eller fleire av desse emna, kan det være ønskeleg å bytte det et ut med eit anna emne. I slike høve er det viktig å ta kontakt med studierettleiar.
Obligatoriske emne Compulsory units SP_OBLIGAT	<p style="color: red;">EXPHIL Examen Philosophicum, H, (10 stp.)</p> <p style="color: red;">EXFAC Examen Facultatum, H, (10 stp.)</p> <p style="color: red;">ARA100, Innføringskurs i arabisk språk og kultur, H, (10 stp.)</p> <p style="color: red;">ARA111, Grunnkurs i moderne standardarabisk I, V (15 stp.)</p> <p style="color: red;">ARA112, Grunnkurs i moderne standardarabisk II, V (15 stp.)</p> <p style="color: red;">ARA113, Grunnkurs i moderne standardarabisk III, H, (15 stp.)</p> <p style="color: red;">ARA115, Innføring i arabisk språkvitskap og dialektologi, H, (15 stp)</p> <p style="color: red;">ARA211 Tekststudiar i klassisk og moderne standardarabisk, V, (15 stp.)</p> <p style="color: red;">HIM250 Bacheloroppgåve i Midtaustens historie V/H, (15 stp.)</p>
Spesialisering Specialisation SP_SPEIAL	<p style="color: red;">ARA100, Innføringskurs i arabisk språk og kultur, H (10 stp.)</p> <p style="color: red;">ARA111, Grunnkurs i moderne standardarabisk I, V (15 stp.)</p> <p style="color: red;">ARA112, Grunnkurs i moderne standardarabisk II, V (15 stp.)</p> <p style="color: red;">ARA113, Grunnkurs i moderne standardarabisk III, H, (15 stp.)</p> <p style="color: red;">ARA115, Innføring i arabisk språkvitskap og dialektologi, H, (15 stp)</p> <p style="color: red;">ARA211 Tekststudiar i klassisk og moderne standardarabisk, V, (15 stp.)</p> <p style="color: red;">HIM250 Bacheloroppgåve i Midtaustens historie V/H, (15 stp.)</p>
Tilrådde valemne Recommended electives SP_VALGFRI	I tillegg til ex.phil., ex.fac. og spesialiseringa inneheld programmet 60 frie studiepoeng. Ein tilrår studenten å ta emne innan Midtaustenkunnskap. <p style="color: red;">For studentar som vil kvalifisere for opptak til master i historie ved Universitetet i Bergen er HIS203 Teoriar, metodar og historiske kjelder (15 stp.) obligatorisk.</p>

	<p>I tillegg vel studenten HIS-/HIM/RELV-emne på 45 studiepoeng i samråd med studierettleiar.</p> <p>Studentar som vil søkje opptak til master i arabisk ved Universitetet i Oslo må ta til saman minimum 80 stp. i arabisk og 30 stp innanfor Midtaustenstudium.</p> <p>Ta kontakt med studierettleiar ved UiO for nærmare informasjon.</p> <p>Studenten kan elles velje emne innanfor skulefag, språkfag, lingvistikk, historie- og kulturfag, estetiske fag eller andre fag som er relevante for studenten si vidare utdanning eller yrkesplanar. Studenten kan ta delstudium i utlandet som frie studiepoeng.</p>
<p>Rekkefølge for emne i studiet Sequential requirements, courses SP_REKKEFO</p>	<p>Tilrådd rekkjefølgje for emne i studiet:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. semester (haust) <ul style="list-style-type: none"> • EXPHIL Examen philosophicum (10 stp.) • EXFAC00SK Språk og kommunikasjon (10 stp.) • ARA100 Innføringskurs i arabisk språk og kultur (10 stp.) 2. semester (vår) <ul style="list-style-type: none"> • ARA111 Grunnkurs i moderne standardarabisk I • ARA112 Grunnkurs i moderne standardarabisk II 3. semester (haust) <ul style="list-style-type: none"> • ARA113 Grunnkurs i moderne standardarabisk III • ARA115 Innføring i arabisk språkvitskap og dialektologi 4. semester (vår) <ul style="list-style-type: none"> • ARA211 Tekststudiar i klassisk og moderne standardarabisk • HIM250 Bacheloroppgåve i Midtaustens historie (vår/haust) 5. semester (haust) <ul style="list-style-type: none"> • Emnar i midtøstenshistorie eller valfri emne 6. semester (vår) <ul style="list-style-type: none"> • Emnar i midtøstenshistorie eller valfri emne <p>I bachelorprogrammet i arabisk er det tilrådd at studentar tek delstudium i eit arabisktalande land femte eller sjette semester som kan godkjennast som frie studiepoeng.</p>
<p>Delstudium i utlandet Study period abroad SP_DELSTUD</p>	<p>Det er sterkt tilrådd og tilrettelagt for at studentane tar delar av programmet som utvekslingsstudent i eit anna land, anten for å ta delar av spesialiseringa eller for å ta valemne.</p> <p>Tilrådde utvekslingsstader finn ein på nettsida til studieprogrammet.</p> <p>Ein kan òg velje frå Universitetet i Bergen sine avtaler med studiestader i heile verda. All informasjon om utveksling finn ein på www.uib.no/utveksling.</p> <p>I bachelorprogrammet i arabisk er det tilrådd at studentar tek delstudium i eit arabisktalande land femte eller sjette semester som kan godkjennast som frie studiepoeng.</p>
<p>Arbeids- og undervisningsformer Teaching and learning</p>	<p>Gjennom ulike undervisningsformer får studentane moglegheit til å studere og nærme seg faget på ulike måtar. Undervisninga er forskningsbasert og føreset aktiv deltaking frå studentane.</p>

<p>methods SP_ARBUND</p> <p>(Erstatter SP_UNDMETO)</p>	<p>Arbeidsmetodar og undervisingsformer kan vere førelesingar, seminar, gruppearbeid, skriftlege og munnlege presentasjonar, omgreps- og problemfokuserte oppgåver, problembasert læring, rettleiing og praktisk bruk av digitale verktøy.</p> <p>For nærare informasjon, sjå dei einskilde emneplanane.</p>
<p>Vurderingsformer Assessment methods SP_VURDERI</p>	<p>Gjennom studiet møter studentane ulike vurderingsformer. Til dømes skriftleg skuleeksamen, rettleidd oppgåve og munnleg presentasjon. Vurderingsformene er tilpassa læringsutbyttet i dei ulike emna. For nærare informasjon om vurderingsformer, sjå dei einskilde emneplanane.</p>
<p>Litteraturliste Reading list</p>	<p>Litteraturliste finn ein på det einskilde emnet si nettside. Litteraturlista skal vere klar innan 01.06 for haustsemesteret, og innan 01.12 for vårsemesteret.</p> <p>NB: Merk at det ikkje finst litteraturlister til alle delar av emne – i nokre emne skal studentane til dømes sjølv velje litteratur i samråd med lærar eller rettleiar.</p>
<p>Karakterskala Grading scale SP_KSKALA</p>	<p>Ved sensur av emna i programmet kan det bli nytta ein av to karakterskalaer:</p> <ul style="list-style-type: none"> • A-F, der F er stryk • bestått/ikkje bestått <p>Sjå emneplanen for det einskilde emnet.</p>
<p>Vitnemål og vitnemålstillegg Diploma and Diploma Supplement SP_VITNEM</p>	<p>Vitnemål og vitnemålstillegg blir skrive ut etter at graden er fullført.</p>
<p>Grunnlag for vidare studium Access to further studies SP_KOMPETA</p>	<p>UiB tilbyr ikkje mastergrad i arabisk, men ein bachelor i faget kan kvalifisere for opptak til masterprogram ved andre lærestader.</p>
<p>Relevans for arbeidsliv Employability SP_ARBLREL</p>	<p>På grunn av den viktige rolla som arabisk spelar på det politiske og økonomiske området i dag, kan det vere interessant å kombinera dette språkfaget med fag som i seg sjølv opnar for ulike yrke. Arabisk kan med fordel kombinerast med til dømes handelsfag og marknadsføring, informasjonsvitskap, samanliknande politikk, offentleg administrasjon, jus, utviklingsstudium, mediefag eller journalistikk. Arabisk blir ofte kombinert med fag som historie, religionsvitskap, filosofi, Midtaustenkunnskap, sosialantropologi, kunsthistorie, lingvistikk, norsk og andre språk. Språket er særskilt relevant for norskopplæring for framandspråklege, omsetjing og tolking, integreringsarbeid, helsesektoren, grunnskolelærarar i arabisk som valfag, utanrikstenesta og politiet med meir.</p>

Evaluering Evaluation SP_EVALUER	Bachelorprogrammet blir kontinuerleg evaluert i tråd med retningslinene for kvalitetssikring ved UiB. Emne- og programevalueringar finn ein på kvalitetsbasen.uib.no
Skikkavurdering og autorisasjon Suitability and authorisation SP_AUTORIS	Programmet har ikkje krav om skikkavurdering eller autorisasjon.
Programansvarleg Programme committee SP_FAGANSV	Programstyret har ansvar for fagleg innhald og oppbygging av studiet og for kvaliteten på studieprogrammet
Administrativt ansvarleg Administrative responsibility SP_ADMANSV	Institutt for framandspråk ved Det humanistiske fakultet har det administrative ansvaret for studieprogrammet.
Kontaktinformasjon Contact information SP_KONTAKT	Studierettleiar@if.uib.no Tlf 55 58 93 70

SGS 22. juni 2017

Ingen endringar var markert med rødt ved innsending frå fagmiljøet, det er derfor usikkert kva som er ny tekst og kva som er gjenbruk frå eksisterande plan

Kategori/Infotype	Tekst
Emnekode	ARA100
Namn på emnet, nynorsk	Innføringskurs i arabisk språk og kultur
Namn på emnet, bokmål	Innføringskurs i arabisk språk og kultur
Namn på emnet, engelsk	Introduction to Arabic language and culture
Studiepoeng, omfang ECTS Credits EB_POENG	10
Studienivå (studiesyklus) Level of Study EB_NIVA	Bachelor
Fulltid/deltid Full-time/Part-time EB_FULLDEL	<i>Ikkje relevant</i>
Undervisningsspråk EB_SPRAK	Norsk eller engelsk
Undervisningssemester Semester of Instruction EB_UNDSEM	Haust
Undervisningsstad Place of Instruction EB_UNDSTED	Bergen
Mål og innhald Objectives and Content EB_INNHOLD	<p>Emnet har som mål å gi grunnopplæring i moderne standardarabisk og oversyn over kultur og samfunn i den arabiske verda (geografi, historie, religion, språk, etc.).</p> <p>Emnet ARA100 skal formidle forståing for arabisk skriftsystem, fonetikk og enkelte tema i moderne arabisk morfologi og syntaks. I tillegg formidle emnet basisforståing for arabisk realia.</p> <p>Studentane skal læra arabisk alfabet, uttale, oppnå ein viss lese- og skrivedugleik. Studentane får ein introduksjon i enkelte tema i moderne arabisk grammatikk. I tillegg blir tema om arabisk språkhistorie, religion og tidlig historie tatt opp.</p> <p>Emnet er ein obligatorisk del av spesialiseringa i arabisk.</p>
Læringsutbytte Learning Outcomes EB_UTBYTTE	<p>Studenten skal ved avslutta emne ha følgjande læringsutbytte definert i kunnskap, ferdigheiter og generell kompetanse:</p> <p>Kunnskap</p> <ul style="list-style-type: none">- Studenten beherskar arabisk skrift og uttale.- Studenten har eit ordforråd på ca. 350 ord.

